


Statens vegvesen, Utbygging

► **E39 Flatøy - Eikefettunnelen**

Moglege lokalitetar for disponering av overskotsmassar

Kommunedelplan

Oppdragsnr.: 5195469 Dokumentnr.: R003 Versjon: E02 Dato: 2021-11-19



E39 Flatøy - Eikefettunnelen

Moglege lokalitetar for disponering av overskotsmassar

Oppdragsnr.: 5195469 Dokumentnr.: R003 Versjon: E02



Oppdragsgjevar: Statens vegvesen, Utbygging
Oppdragsgjevar sin kontaktperson: Gunn Cecilie Omre
Rådsgjevar: Norconsult AS, Valkendorfgate 6, NO-5012 Bergen
Oppdragsleiar: Lars Roald Kringeland
Fagansvarleg: Kjell Ove Hjelmeland
Andre nøkkelpersonar: Fritjof Stangnes, Artur Manuel Louro Ribeiro, Ann Sissel Heilvang, Lars Arne Bakke, Alv Terje Fotland, Sunniva Fitjar Lunestad og Bente Breyholtz.

E02	2021-11-19	For høyring/offentleg ettersyn	KOH	FrSta/ØySko	LRK
D01	2020-12-03	For godkjenning hjå oppdragsgjevar	KOH	FrSta	LRK
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Innhald

1	Innleiing	5
1.1	Oppgåva	5
1.2	Kort om arbeidet i denne rapporten – i høve til naudsynt arbeid vidare	5
2	Metode for vurdering	7
2.1	Innleiing	7
3	Føringar ved gjenbruk av sprengsteinsmassar	9
4	Vurderte lokalitetar for disponering av overskotsmassar	10
4.1	Frank Mohn næringsområde	10
4.2	Skitnedalen	13
4.3	Travveien	16
4.4	Trædalsvatnet	19
4.5	Leknes	23
4.6	Hjelmåsvatnet sør	26
4.7	Sauvågen	29
4.8	Solåsbakken	32
4.9	Småtjørna	35
4.10	Rydlandsvågen	38
4.11	Apalhaug	41
4.12	Haugen	44
4.13	Myråsen	47
4.14	Eikangåsen austside	50
4.15	Nordhordland næringspark, utviding	53
4.16	Vest Bjørndalsvatnet	56
4.17	Blotdalen/Grunnevåg	59
4.18	Totland vest	62
4.19	Totland aust	65
4.20	Askvikdalen	68
4.21	Eide	71
4.22	Nedrekletten	74
4.23	Hillesvåg – Hestholmen	77
4.24	Vikane	80
5	Samla vurdering - miljøtema	83
6	Referansar	84


Samandrag

For ein sannsynleg situasjon med overskot av massar har ein peika ut 24 moglege område for disponering av overskotsmassar frå veganlegget. Områda er nærare vurderte i denne fagrapporten. Lokalitetane har ulik storleik og kapasitet, og ligg geografisk spreidd langs traséane.

Områda er peika ut i samråd med kommunen utifrå nærleik til aktuelle vegtraséar og til eksisterande veg, mogleg nyttiggjering av massane, plantilhøve, type terreng, samt eksisterande og framtidig arealbruk i området.

Generelt vert det vurdert at i denne delen av Alver kommune er det relativt stort potensial for å finne moglege lokalitetar for samfunnsnyttig plassering og etterbruk av sprengsteinsmassar. I tillegg til vurderingar av eigenskapar og mogleg landskapsverknad, er det gjort ein enkel gjennomgang av konfliktpotensiale for ikkje-prissette konsekvensar for kvart område.

Områda ligg i hovudsak nært nye vegalternativ, sjølv om nokre av dei ligg noko lenger unna. Forklaringa er då at kommunen kjenner til at det er interesse for framtidig arealbruk som kan vere samfunnsnyttig. Fire av områda er avhengige av val av vegtrasé for å kunne nyttast, medan resten er uavhengige av vegalternativ.



Figur 1 Moglege lokalitetar for disponering av overskotsmassar

Ved utarbeiding av reguleringsplan og byggeplan for prosjektet kan massebalansen i prosjektet verte endra. Etterspørsel etter stein i området og planar for ny arealbruk vil vere i endring fram mot utbyggingstidspunktet. Difor er områda i denne rapporten ikkje rangerte og heller ikkje konsekvensutgreidd etter Forskrift om konsekvensutgreiing.

Når vegalternativ er valt og arbeid med reguleringsplan og optimalisering av veglinja tar til, vil det vere aktuelt å vurdere nokre av lokalitetane nærare, som del av tiltaket. Områda vil då bli konsekvensutgreidd i samband med reguleringsplanarbeidet for ny E39.

1 Innleiing

1.1 Oppgåva

Plassering av deponiområda og riggområda er ikkje handsama som del av vegtiltaket (kommunedelplan for ny E39 Flatøy -Eikefettunnelen) i høve til konsekvensutgreiinga som er gjort for vegalternativa. Dette fordi temaet er lite relevant i høve til val av vegalternativ. Skilnad mellom vegalternativa knytt til massar er fanga opp i KU-en gjennom ein generalisert transportkostnad under prissette konsekvensar (ANSLAG).

Hovudoppgåva i høve til massedisponering i kommunedelplanfasen er å syne at det er mogleg å plassere massar, kor dette er, kva som er verknad av denne disponeringa, og kva slags samfunnsnytte disponering av massane kan gi. I planomtalen for kommunedelplanen vert det lagt inn eit eige kapittel for massedisponering. Detaljering og planavklaring vert tema i neste planfase.

I konkurransegrunnlaget er temaet omtala slik:

«3.18 Deponi for overskuddsmasser

Prosjektet er ventet å skape et stort overskudd av steinmasser fra tunneldriving og bergskjæring. For at de negative konsekvensene av masseoverskuddet skal belyses skal massedeponi inkluderes i planarbeidet og KU-en. I samarbeid med oppdragsgiver skal det søkes og utredes forskjellige plasseringer for massedeponi. De forskjellige alternativene vil medføre forskjellige masseoverskudd, det er viktig at dette blir belyst i konsekvensutredningen.

Behov for forarbeid, sikring og rensing av avrenning, håndtering av forurensede masser og tilstelning av arealene skal beskrives og inkluderes i grunnlaget til Anslag.»

Undervegs i planprosessen er handsaming av temaet diskutert med Statens vegvesen og Alver kommune, og det er utarbeida eit «Metodenotat» som syner korleis oppgåva skal løysast, frå dette vert sitert:

«Massedeponi

Deponiområdene behandles ikke som del av vegtiltaket, og skilles metodisk frå vegtiltaket for KU-vurdering. I planomtalen legges inn et eget kapittel for massedeponi.

Som del av planarbeidet vil det bli utarbeidet en rapport: Delrapport massedisponering. Rapporten vil vise forslag til deponiområder.*

I rapporten vil hvert deponiområde bli beskrevet. Hvert område vil bli lokalisert på kart og utstrekning vil bli modellert i Infracore. En tabell vil bli utarbeidet for hvert område, og vise atkomst, størrelse og konfliktpotensiale/IP-vurdering.

Det må avklares med kommunen/SVV om ambisjonen i KDP-en er å kartfeste deponiområdene i KDP-en på samme måte som vegtiltaket, det vil si som hensynssone 710: Båndlegging for regulering etter PBL.»

**Etter dette er namnet på rapporten endra til «Moglege lokalitetar for disponering av overskotsmassar»*

1.2 Kort om arbeidet i denne rapporten – i høve til naudsynt arbeid vidare

Det er, saman med representantar frå Alver kommune, sett på fleire moglege lokalitetar i nærleiken av dei ulike vegalternativa langs strekninga Flatøy – Eikefettunnelen, sjå Figur 2. Bakgrunn for at desse lokalitetane er vurdert er ulike, men det kan vere eigenskapar i høve til potensiell etterbruk, avstand til veg, planstatus, eksisterande arealtype og konfliktpotensiale ein på dette tidspunkt kan sjå i høve til miljøtema.

Det er viktig å merke seg at dette er ein oversikt over moglege lokalitetar for disponering, ein «katalog» med eigenskapar, konfliktpotensiale, avgrensing i høve til arealressurskart og enkle visualiseringar til bruk som grunnlag for vidare planlegging. Slik er det like viktig å notere seg kva denne rapporten ikkje er – den er ikkje


ein plan, juridisk del av plan eller del av konsekvensutgreiinga for vegalternativa i ny kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen.

Når reguleringsarbeid for ny E39 skal starte opp, kan mange tilhøve ha endra seg i området, og vidare arbeid med massedisponering bør knytast tettare på vegplanlegginga enn i KDP-fasen. Ein må rekne med å utarbeide reguleringsplan for dei områda ein vil nytte for massedisponering i samband med utarbeiding av reguleringsplanen for veganlegget. Det er òg vår tilråding at planar for massedisponering bør ha mål om ein mest mogleg samfunnsnyttig etterbruk av massane. Kapittel 3 gir viktige føringar for seinare vurdering av samfunnsmessig nytte.

For å kunne vurdere ein samfunnsnyttig bruk av overskotsmassane i vidare planarbeid, er det først naudsynt å vurdere mellom anna:

- Korleis ein kan optimalisere vegføringa slik at ein oppnår best mogleg massebalanse i prosjektet – og slik sett få minst mogleg stein til overs.
- Kor mykje av massane kan leverast til prosessering og sal, for eksempel knusing til pukk, til dømes på Eikefet.
- Deretter bør overskotet som står igjen vurderast etter måloppnåing av eigenskapar som volum, avstand til tunnelinnslag, ny bruk, og låge konflikhtar med ikkje-prissette konsekvensar.
- Det bør nøye vurderast om det er ein reel trong for massane på dei ulike lokalitetane - for eksempel areal for næring/bustad, nyvinning av land for næring, trong for utbetring av grusveier/parkeringsplassar/velteplassar, etc.

Det er tre deponiområde som er avhengig av kva vegalternativ som blir valt, og det er områda 6, 7, og 9, sjå figuren under.



Figur 2. Oversikt over deponiområda som vert vurdert i dette notatet. Moglege lokalitetar er vist med brune polygoner.

2 Metode for vurdering

2.1 Innleiing

Med utgangspunkt i samla område for aktuelle vegalternativ har ein i samarbeid med Alver kommune funne fram til moglege lokalitetar som er vurdert å ha potensiale for ein mogleg samfunnsnyttig disponering av overskotsmassar av jord og sprengstein. Nokre område, i landbruks- natur og friluftsområde (LNF) i kommuneplanen, er område der bakkeplanering har vore ønska tidlegare, nokre inngår i eksisterande reguleringsplanar for ulike utbyggingsområde, medan nokre er fremja av kommunen for om mogleg å stette trong for tilgang til sjø for allmenta. Sjå stikkord for mogleg bruk i framtida i tabellane under kvar lokalitet.

Oppgitte mål for kapasitet ved lokalitetar er såkalla «fast anbrakt masse». Prosjekterande for veganlegg med tunnelar er rette «adressat»/ansvarleg for å rekne om tala frå utsprengt massevolum, via volum for opplasting/transport, til utlagt - og til sist komprimert fast anbrakt volum (varig masseutviding). Grovt sett er fast anbrakt volum ca. 1,5 gonger så stort som volumet ein foreslår å sprengje vekk (faste massar). Oversikt i Tabell 1 er omrekna til utførte, anbrakte massar, ferdig plassert og komprimert.

Tilrådd alternativskombinasjon for ny E39 frå Flatøy til Eikefettunnelen har eit teoretisk masseoverskot på i overkant av 3 millionar m³ utførte anbrakte massar. Ein del av desse massane vil det vere aktuelt å plassere i samband med kryss og arrondering i samband med veganlegget. Det er i denne rapporten vist 24 moglege lokalitetar for deponering, og totalt volum for desse lokalitetane er ca. 9,5 millionar m³ anbrakte massar.

Tabell 1 Alle alternativ har eit masseoverskot, og alle gjennomgåande linjer/kombinasjonar vil såleis få eit stort masseoverskot. Tal masseoverskot er utførte anbrakte massar.

Delstrekning	Alternativ	Lengde dagsone (m)	Lengde tunnel (m)	Lengde bru (m)	Lengde totalt (m)	Masseoverskot (mill. m ³)
Flatøy	F3	1 295	0	498	1 793	0,3
Vest	V3	596	5 950	498	7 044	1,9
	V4	112	6 381	298	6 791	2,1
	V100	171	6 271	298	6 740	2,0
	K6-3	187	6 519	298	7 004	2,2
	V7C	2 065	6 050	398	8 513	2,0
	V8	2 303	5 897	378	8 578	1,6
	V101	809	7 569	458	8 836	2,0
	V102	806	7 586	408	8 800	1,8
Midt	M1	3 126	1 800	310	5 236	0,3
	M2	2 780	2 480	310	5 570	0,1
	M3	2 966	2 380	310	5 656	0,1
	M4	4 440	605	685	5 730	0,5
Aust	A2	1 701	5 988	142	7 831	0,9
	A3	877	6 741	0	7 618	0,7
Tilrådd alternativskombinasjon						
F3-V3-M2-A2		6 372	14 418	1 448	22 238	3,2

For kvart enkelt av dei moglege lokalitetane er det utført ein innleiande vurdering av potensiale for konflikt med ulike miljøtema (ikkje-prisette tema i V712 og forureining). Konfliktpotensialet er vurdert som anten «ingen», «lågt», «middels» eller «høgt», og er presentert med fargar som vist på skalaen under. I tillegg blir viktige eigenskapar som areal og avstand til lokalitetane presentert for kvar lokalitet.

Ingen konfliktpotensiale	Lågt konfliktpotensiale	Middels konfliktpotensiale	Høgt konfliktpotensiale
--------------------------	-------------------------	----------------------------	-------------------------

Vi tilrår at Alver kommune gjer ei vurdering av dei 24 lokalitetane i høve til vist konfliktpotensiale med miljøtema og andre viktige moment. Gjennom ei slik siling kan forslaga anten bli forkasta eller tatt med vidare til vurdering som aktuelle deponiområde for vurdering i samband med regulering av E39-prosjektet. Kommunen bør òg vurdere om det er ein ambisjon å kartfeste nokre av desse områda i kommuneplanen, som omsynsone 710 Bandlegging for regulering etter PBL. Denne delrapporten kan då handsamast i kommunen, og det kan knytast vedtak til rapporten/lokalitetane.

I kapittel 4 er kvart einskild område presentert i tabellform og vurdert for konfliktpotensiale i høve til seks miljøtema:

- landskap
- naturmangfald
- kulturminne
- naturressurs
- friluftsliv/bygdeliv
- forureining

Vurderinga er basert på tilgjengeleg kunnskap frå fagvurderingar i samband med utarbeiding av kommunedelplan for veg-prosjektet, offentlege databasar, rapportar og kommunale/regionale planar.

Det er nytta desse forkortingane i tabellane:

- KPA = Kommuneplanen sin arealdel
- LNF= Landbruk, natur og friluftsområde.

3 Føringer ved gjenbruk av sprengsteinsmassar

Føringer ved gjenbruk av sprengsteinsmassar er knytt til forureiningslova og vassrammedirektivet. Ved gjenbruk av slike massar gjeld følgande:

- Sprengsteinsmassar skal i første rekke vurderast for nyttig samfunnsbruk (gjenbruk) før slike massar vert deponert.
- Områda kor sprengsteinsmassar vert plassert må vere regulert til formålet.
- Sprengsteinsmassar bør i den grad det er mogleg vere fri for avfall og forureining.
- Bruk av elektroniske tennarar ved sprenging vil gi mindre mengder plast i sprengsteinsmassane og bør nyttast.
- «Nonel» tennsystem må ikkje nyttast ved utfylling av sprengsteinsmassar i sjø eller vassdrag.

Ved gjenbruk i sjø/vassdrag:

- Ved nyttiggjering av sprengsteinsmassar i sjø eller vassdrag er det krav om søknad om utfylling. Dersom utfylling skal skje frå skip, er forureiningsforskrifta kapittel 22 gjeldande. Utfylling frå land er søknadsplichtige etter forureiningslova § 7. Tiltak i og nært vassdrag vert regulert av forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.
- Fylkesmannen i Vestland har utarbeida eget søknadsskjema for mudring, dumping og utfylling i sjø og vassdrag. Søknad til Kystverket/havnevesenet i samsvar med Havne- og farvannsloven er også aktuelt.
- Utfylling i sjø vil krevje undersøking av forureiningsnivået i sediment i og utanfor området kor massane skal fyllast ut.
- Fylkesmannen set ofte krav om at sprengsteinsmassane ikkje inneheld flytande plast dvs. «Nonel» tennsystem.
- Ved utfylling med sprengsteinsmassar i sjø/vassdrag, vil spreining av partiklar frå utfyllingsmassane og sedimenta føre til nedslamming av naturverdiar, redusere siktdjupne og skape skarpe partiklar som har potensiale for å skade fisk (låssettingsplassar /oppdrett/gyteområde). Fylkesmannen kan sette krav om partikkelsperre.
- Ved utfylling med sprengsteinsmassar i vassdrag vil nitrogenforbindelsar frå uomsett sprengstoff/sprengstoffrestar vere ei utfordring. Det er ingen gode metodar for å reinse ut nitrogenforbindelsar. Fylkesmannen kan sette krav om overvaking av vasskvalitet.

Ved gjenbruk på land/nært vassdrag:

- På lokalitetar der det skal gjerast terrenginngrep/fylling og det er mistanke om forureina grunn, skal det etter forureiningsforskrifta kapittel 2 utførast miljøteknisk grunnundersøking.
- Ved utfylling av sprengsteinsmassar på land, er avrenning frå massane ei utfordring med omsyn til nærleik til vassdrag og sjø.
- Fyllinga må formast slik at overvatn kan førast forbi og ikkje gjennom (avskjerande grøfter).
- Fylkesmannen kan sette krav til botn- og sidetetting for kontrollert oppsamling og reinsing av avrenning. Utsleppsgrenser og overvaking av avrenninga kan også vere aktuelt.
- Massane bør ikkje plasserast:
 - på flaumutsette område.
 - oppstraums for viktige/sårbare vassdrag.
 - med direkte avrenning til vassdrag (minste avstand 20 meter, men bør vere meir).

4 Vurderte lokalitetar for disponering av overskotsmassar

4.1 Frank Mohn næringsområde

Vurdering lokalitet 1 Frank Mohn		
A. Eigenskapar		
Emne	Vurdering/innhald	
Volum og utstrekning	Ca. 50 dekar, ca. 525 000 m ³ fast anbrakt masse.	
Avhengig av val av vegalternativ?	Nei	
Avstand frå og tilkomsttilhøve til dagens vegsystem	God tilkomst, nært dagens E39.	
Avstand til ulike framtidige vegalternativ	Ca. 2 km frå tunnelopning ved Knarvik sentrum.	
Eksisterande arealtype/planstatus	Sjøområde ved industriverksemd. Mesteparten er sett av til industriområde i KPA. Delar av området er sett av til industri i gjeldande reguleringsplan. I nytt reguleringsplanforslag er området sett av til hamneområde og bruk og vern av sjø og vassdrag.	
Mogleg utforming av lokaliteten, og mogleg bruk/potensiell bruk.	Flate til utvida næringsareal.	
Grunnforhold og ev. trong for særskilte geotekniske vurderingar	Grunnforhold i sjø er ikkje kjent. Geotekniske tilhøve/stabilitet må vurderast nøye i høve oppbygging av fylling på sjøbotn.	
B. Vurdering av konfliktpotensiale		
Ikkje-prisette konsekvensar og ev. forureiningspotensiale	Innhald/funn	Konfliktpotensiale
Landskap	Prega av industriverksemd på land. Fylling i sjø vil medføre middels stor endring i landskapet, og vil verte eksponert mot friluftsområde.	Middels
Naturmangfald	Utfylling vedteken i godkjend reguleringsplan.	Ingen
Kulturminne	Det var eit skipsvrak innanfor området, som no er fjerna. Ingen andre registreringar.	Ingen
Naturressurs	Ingen naturressursar.	Ingen
Friluftsliv/nærmiljø	Innanfor svært viktig friluftsområde i sjø. Populært område for sjøsport.	Middels
Forureiningspotensiale	Omsynsområde: Gytedefelt torsk og låssettingsplassar, eksisterande sjøkablar i Flatøyosen. Tilstand: Økologisk tilstand dårleg, kjemisk tilstand er ukjent. Utfordringar: Optimalisering av fylling, plassering av fyllingsfot, med omsyn til vassutskifting. Må ikkje vere til hinder for tilkomst/vass-sirkulasjon ved båt plass nord for Kjeldevika og inst i Krossnesvika og bukt ved Gudmundsholmen. Forureina sediment. For ev. vidare vurdering vert det spesielt vist til Naturmangfald og til generelle punkt for fyllingsarbeid i kap. 3.	Middels
C. Oppsummering		
Eigenskapar	Kort avstand frå E39 og i samsvar med utviding av eksisterande bruk på land. Geoteknisk stabilitet må vurderast særskilt nøye.	
Konfliktpotensiale	Mogleg konfliktar med omsyn til friluftsliv i sjø, landskapsverknader og forureiningspotensiale.	




Figur 3 Plassering av utfylling i sjø på basiskart, oversikt.



Figur 4 Plassering av utfylling i sjø på basiskart.



Figur 5 Figur illustrerer området før utfylling i sjø



Figur 6 Figur illustrerer mogleg utfylling i sjø. Fyllingsfot vist med plastring og muring for kai.

4.2 Skitnedalen


Vurdering lokalitet 2 Skitnedalen		
A. Eigenskapar		
Emne	Vurdering/innhald	
Volum og utstrekning	Ca. 15 daa, ca. 40 000 m ³ fast anbrakt masse.	
Avhengig av val av vegalternativ?	Nei	
Avstand frå og tilkomstilhøve til dagens vegsystem	Kort avstand til dagens E39.	
Avstand til ulike framtidige vegalternativ	Ca. 1,5 km frå tverrslag ved Knarvik sentrum.	
Eksisterande arealtype/planstatus	Skog og noko myr. Sett av til bustad i framlegg til reguleringsplan.	
Mogleg utforming av lokaliteten, og mogleg bruk/potensiell bruk	Forma som (mest mogleg) ei flate, deretter skråning mot nord. Kan òg vurdere å heller ha jamn skråning heile vegen mot nord. Planlagt til bustadområde.	
Grunnforhold og ev. trong for særskilte geotekniske vurderingar	Bart fjell og morenemateriale, usamanhengande eller tynt dekke over berggrunnen.	
B. Vurdering av konfliktpotensiale		
Ikkje-prisette konsekvensar og ev. forureiningspotensiale	Innhald/funn	Konfliktpotensiale
Landskap	Skogkledt landskap i dalside. Relativt skjerma. Ikkje verna eller spesielt sjeldan.	Lågt
Naturmangfald	Myrområde, vert øydelagt. Søre del inngår i område med noko verdi i KU.	Middels
Kulturminne	Tett opptil eit kulturminne frå eldre steinalder i vest.	Middels
Naturressurs	Flatøyosen rett ved er viktig gyteområde og Skitnedalsvika er lassetingsplass for fiskereiskap. Sårbart område krev tiltak knytt til avrenning.	Lågt
Friluftsliv/nærmiljø	Innanfor viktig friluftsområde i dag, og det går ein tursti gjennom området. Turveg kan tilbakeførast. Fylling i friluftsområde er svært negativt sjølv om stien vert reetablert.	Lågt
Forureiningspotensiale	Mindre myr under fylling, potensiale for sur avrenning og CO ₂ -utslepp. For ev. vidare vurdering vert det spesielt vist til Naturmangfald og til generelle punkt for fyllingsarbeid i kap. 3.	Middels
C. Oppsummering		
Eigenskapar	Kort avstand til E39 og dels i samsvar med planlagt framlegg til regulering.	
Konfliktpotensiale	Middels på naturmangfald, kulturminne, myr bør vurderast med omsyn til CO ₂ -utslepp, elles lågt konfliktnivå.	

E39 Flatøy - Eikefettunnelen

Moglege lokalitetar for disponering av overskotsmassar
Oppdragsnr.: 5195469 Dokumentnr.: R003 Versjon: E02




Figur 7 Plassering av massedeponering på basiskart, oversikt.



Figur 8 Plassering av massedeponering på basiskart som syner bekk og myr.




Figur 9 Figur illustrerer området før massedeponering.




Figur 10 Figur illustrerer mogleg massedisponering.

4.3 Travveien

Vurdering lokalitet 3 Travveien		
A. Eigenskapar		
Emne	Vurdering/innhald	
Volum og utstrekning	Ca. 50 dekar, ca. 410 000 m ³ fast anbrakt masse.	
Avhengig av val av vegalternativ?	Nei	
Avstand frå og tilkomstilhøve til dagens vegsystem	God tilkomst, og med kort avstand til eksisterande veg.	
Avstand til ulike framtidige vegalternativ	Omtrent 1 km frå tunnelopningar i dei alternativa som går via Øvre Isdal og Langavatnet.	
Eksisterande arealtype/planstatus	Skog. Området er sett av til LNF i KPA.	
Mogleg utforming av lokaliteten, og mogleg bruk/potensiell bruk	Flate. Skråning i sør. Forma for at turveg skal kunne ta seg opp med «rimeleg» stigning og at deponi elles vil verte planta til, ev. tilsådd om ein vil nytte arealet til grasproduksjon på kvar side av turvegen. Ei anna moglegheit er å nytte det som mellombels plassering av massar for uttak til byggeråstoff. Ikkje registrert etterspurt av spesielle aktørar. Framtidig bruk vil mest sannsynleg vere friluftsområde.	
Grunnforhold og ev. trong for særskilte geotekniske vurderingar	Gode	
B. Vurdering av konfliktpotensiale		
Ikkje-prisette konsekvensar og ev. forureiningspotensiale	Innhald/funn	Konfliktpotensiale
Landskap	Skogkledt område med veg gjennom. Lite eksponert, og liten variasjon i landskapselement.	Lågt
Naturmangfald	Planta gran med varierende alder. Noko blandingsskog med furu og bjørk. Ikkje verdivurdert i KU. Drenering/bekk mot Litlavatnet dels i rør, bør undersøkast.	Lågt
Kulturminne	Ingen kjende verdier.	Ingen
Naturressurs	Ingen naturressursar etter V712. Skogbruksområde.	Lågt
Friluftsliv/nærmiljø	Innanfor viktig friluftsområde, og det går ein skogsveg gjennom området som blir brukt til rekreasjon. Skogsvegen kan tilbakeførast.	Lågt
Forureiningspotensiale	For ev. vidare vurdering vert det spesielt vist til Naturmangfald og til generelle punkt for fyllingsarbeid i kap. 3.	Lågt/middels
C. Oppsummering		
Eigenskapar	Kort avstand til dei nordlege traséalternativa og dagens bruk som turveg kan rehabiliterast funksjonelt sett.	
Konfliktpotensiale	Få potensielle konflikhtar.	



Figur 11 Plassering av massedeposering, på basiskart.



Figur 12 Plassering av massedeposering på basiskart som syner elver, bekkar, innsjø og myr. Nesten umogleg å sjå bekkar. Definisjon på bekk er at det renner vatn heile året.



Figur 13 Figur illustrerer området før massedisponering.




Figur 14 Figur illustrerer mogleg massedisponering


4.4 Trødalsvatnet

Vurdering lokalitet 4 Trødalsvatnet		
A. Eigenskapar		
Emne	Vurdering/innhald	
Volum og utstrekning	Ca. 30 dekar, ca. 1 000 000 m ³ fast anbrakt masse.	
Avhengig av val av vegalternativ?	Nei	
Avstand frå og tilkomsttilhøve til dagens vegsystem	God tilkomst og kort avstand på ca. 1 kilometer frå E39. Det må etablerast interne driftsveggar i og gjennom myrområde.	
Avstand til ulike framtidige vegalternativ	Omtrent 1 km frå tunnelopningar i dei nordlegaste trasé-alternativa som går via Øvre Isdal og Langavatnet.	
Eksisterande arealtype/planstatus	Myrområde med innslag av skog. Ca. halve området er sett av til industriføremål, medan resten er sett av til LNF i KPA, og dei planmessige tilhøva må avvegast meir detaljert enn ein har hatt høve til her ved ev. vidare vurdering av lokaliteten.	
Mogleg utforming av lokaliteten, og mogleg bruk/potensiell bruk	Utforma i hovudsak som flate, som utviding av eksisterande fyllingsområde. Kan vurderast brukt både (anten) til grasproduksjon og til utvida næringsområde. Ikkje registrert etterspurt av spesielle aktørar.	
Grunnforhold og ev. trong for særskilte geotekniske vurderingar	Forvitningsmateriale, torv og myr og noko bart fjell. Geotekniske tilhøve/stabilitet i høve til fylling på myr må vurderast særskilt nøye, medrekna om det må masseutskifting til.	
B. Vurdering av konfliktpotensiale		
Ikkje-prisette konsekvensar og ev. forureiningspotensiale	Innhald/funn	Konfliktpotensiale
Landskap	Ope kulturlandskap med beitemark, middels eksponert.	Middels
Naturmangfald	Stort myrområde med landskapsøkologiske kvalitetar då det inngår i ein større samanheng med våtmarksområde. Området er dels tilført jordmassar for nydyrking som ikkje er slutført. Det er òg gjennomført kanalisering av elveløp. Av den grunn er området gitt middels verdi i KU. Hekkeområde for vipe sør for området. Konflikte med funksjonsområde for vipe og anna våtmarksfugl. Omfattande areal med myr må fjernast.	Høg
Kulturminne	Det er fleire kulturminne både innanfor og like attmed føreslått deponiområde, som kvernhus, hustuffer, røyser, steingardar og ei stemme. Heilskapleg kulturlandskap.	Middels
Naturressurs	Ca. 5,5 daa fulldyrka jord av stor verdi. Ca. 16 daa er innmarksbeite.	Middels

Friluftsliv/nærmiljø	Ingen kjende verdiar.	Ingen
Forureiningspotensiale	Myr og bekkedrag under fylling, potensiale for sur avrenning og CO ₂ -utslepp. Mogleg konflikt med eksisterande løyve/regulering for eksisterande fylling. <i>For ev. vidare vurdering vert det spesielt vist til Naturmangfald og til generelle punkt for fyllingsarbeid i kap. 3.</i>	Høgt
C. Oppsummering		
Eigenskapar	Kort avstand til dei nordlege traséalternativa og dagens bruk kan ivaretakast. Geoteknisk stabilitet må vurderast særskilt nøye. <i>NB! Sidan området ligg som næringsareal i KPA er det risiko for at området vert bygd ut før det vert bygd ny E39.</i>	
Konfliktpotensiale	Eit eventuelt utfyllingsområde bør optimaliserast for å redusera høgt til middels konfliktpotensiale for naturmangfald, naturressursar, vassdrag under fyllinga og avrenning av partiklar og nitrogen. Mogleg konflikt med eksisterande løyve/regulering for eksisterande fylling må avklarast. Myr bør vurderast med omsyn til CO ₂ -utslepp. <i>Ved ev. kombinasjon av deponiområda 3.Travveien og 4.Trædalsvatnet vil belastning/konfliktpotensiale for vassførekomstane nedstraums bli større.</i>	



Figur 15 Plassering av massedeposering på basiskart, oversikt.



Figur 16 Plassering av massedeposering på basiskart som syner elver, bekkar, innsjø og myr.



Figur 17 Figur illustrerer området før massedisponering.




Figur 18 Figur illustrerer mogleg massedisponering.

4.5 Leknes

Vurdering lokalitet 5 Leknes		
A. Eigenskapar		
Emne	Vurdering/innhald	
Volum og utstrekning	Ca. 40 dekar, ca. 250 000 m ³ fast anbrakt masse.	
Avhengig av val av vegalternativ?	Nei	
Avstand frå og tilkomsttilhøve til dagens vegsystem	God tilkomst og nært eksisterande E39.	
Avstand til ulike framtidige vegalternativ	God tilkomst, avstand til tunnelinnslag ved Haukåsvatnet er ca. 2 km, alle tunneltraséane munnar ut her.	
Eksisterande arealtype/planstatus	Myr og skog. Området er sett av til LNF i KPA.	
Mogleg utforming av lokaliteten, og mogleg bruk/potensiell bruk	Flate. Noko skråning i sør. Kan truleg vurderast nytta til både bustadbygging og for tilplanting for skogbruk/friluftsområde.	
Grunnforhold og ev. trong for særskilte geotekniske vurderingar	Forvittringsmateriale, torv og myr og noko bart fjell. Geotekniske tilhøve/stabilitet i høve til fylling på myr må vurderast.	
B. Vurdering av konfliktpotensiale		
Ikkje-prisette konsekvensar og ev. forureiningspotensiale	Innhald/funn	Konfliktpotensiale
Landskap	Ligg noko skjult nede i ein dump mellom to åsrygger, er noko meir eksponert i aust. Liten variasjon.	Lågt
Naturmangfald	Tidlegare ope område med myr som dei siste 50 åra har grodd til med lauvskog. Data i markslagskart frå 1967! Ingen bekkar i området eller sårbare verdiar nedstraums. Området ikkje vurdert i KU.	Lågt
Kulturminne	Ingen kjende verdiar.	Ingen
Naturressurs	Ingen naturressursar. Ingen skogbruksplan.	Lågt
Friluftsliv/nærmiljø	Ingen kjende verdiar.	Ingen
Forureiningspotensiale	Omsynsområde: Avrenning til sjø i Hillesvågen og Leknesvågen. CO ₂ -utslepp og mogleg masseutskifting med omsyn til stabilitet må vurderast. For ev. vidare vurdering vert det spesielt vist til Naturmangfald og til generelle punkt for fyllingsarbeid i kap. 3.	Middels
C. Oppsummering		
Eigenskapar	Kort avstand til tverrslag ved Haukåsvatnet og dagens bruk kan ivaretakast. Geoteknisk stabilitet må vurderast i høve til myr.	
Konfliktpotensiale	Lågt konfliktpotensial for ikkje-prisette fag. Myr bør vurderast med omsyn til CO ₂ -utslepp.	



Figur 21 Figur illustrerer området før massedisponering.



Figur 22 Figur illustrerer mogleg massedisponering.

4.6 Hjelmåsvatnet sør

Vurdering lokalitet 6a og b Hjelmåsvatnet sør		
A. Eigenskapar		
Emne	Vurdering/innhald	
Volum og utstrekning	Ca. 45 dekar, ca. 380 000 m ³ fast anbrakt masse.	
Avhengig av val av vegalternativ?	Ja, ikkje aktuell elles.	
Avstand frå og tilkomsttilhøve til dagens vegsystem	God tilkomst frå dagens E39.	
Avstand til ulike framtidige vegalternativ	God tilkomst frå dei vegalternativa som kryssar sørlege del av Hjelmåsvatnet.	
Eksisterande arealtype/planstatus	Hjelmåsvatnet. Sett av til LNF og bruk og vern av sjø og vassdrag i KPA.	
Mogleg utforming av lokaliteten, og mogleg bruk/potensiell bruk	Utfylling av området sør for mogleg vegføring over vatnet. Flate/skråning, mogleg bruk til grasdyrking.	
Grunnforhold og ev. trong for særskilte geotekniske vurderingar	Jorddekt, grunnforhold i vassdrag er ikkje kjent. Geotekniske tilhøve/stabilitet i høve til fylling i vatn må vurderast, saman med veganlegget.	
B. Vurdering av konfliktpotensiale		
Ikkje-prissette konsekvensar og ev. forureiningspotensiale	Innhald/funn	Konfliktpotensiale
Landskap	Fylling vert eit nytt element i området, og ville påverke landskapsforma sterkt. Dersom ein vel å la vegen krysse vatnet på fylling som foreslått, vil massedeponiet i middels grad forverre situasjonen. Er eksponert mot friluftsområde.	Middels
Naturmangfald	Området er gitt middels verdi i KU på grunn av området landskapsøkologiske kvalitetar og oppgang av ål. Området er vurdert fordi M1-M3 vil gi store negative konsekvensar. Ytterlegare utfylling er vurdert å ha låg konfliktgrad. Som frittstående tiltak høg konfliktpotensiale.	Lågt
Kulturminne	Det er kulturlandskap og steingardar på flata aust for Hjelmåsvatnet.	Lågt
Naturressurs	Ingen konflikt utover det som er vurdert for kryss i M1-M3 i KU.	Lågt
Friluftsliv/nærmiljø	Innanfor viktig friluftsområde, Hjelmåsvatnet rundt. Det er tursti rundt vatnet, og er mykje brukt.	Ingen
Forureiningspotensiale	Det er vegtiltaket som utløyser konfliktane. For ev. vidare vurdering vert det spesielt vist til Naturmangfald og til generelle punkt for fyllingsarbeid i kap. 3.	Høg
C. Oppsummering		
Eigenskapar	Aktualiteten av lokaliteten avhenger av valt vegtrasé. Fylling i vatn må vurderast geoteknisk. God tilkomst.	
Konfliktpotensiale	Blanda konfliktpotensial. Fylling i ferskvatn gir generelt høgt konfliktpotensiale i høve til forureining.	




Figur 25 Figur illustrerer området før massedisponering.




Figur 26 Figur illustrerer mogleg massedisponering.

4.7 Sauvågen

Vurdering lokalitet 7 Sauvågen		
A. Eigenskapar		
Emne	Vurdering/innhald	
Volum og utstrekning	Ca. 18,5 dekar, ca. 100 000 m ³ fast anbrakt masse.	
Avhengig av val av vegalternativ?	Ja, ikkje aktuell elles.	
Avstand frå og tilkomststilhøve til dagens vegsystem	God tilkomst og nært eksisterande veg.	
Avstand til ulike framtidige vegalternativ	Ligg rett ved tunnelpåhogga frå dei vegalternativa som kryssar sørleg del av Hjelmåsvatnet. Frå nordlege tunnelalternativ er lokaliteten innanfor 1 km radius.	
Eksisterande arealtype/planstatus	Vassareal og skog på land. Sett av til LNF og bruk og vern av sjø og vassdrag i KPA.	
Mogleg utforming av lokaliteten, og mogleg bruk/potensiell bruk	Flate/skråning som ekstra fylling rundt veg dersom vegalternativ her blir valt. Mest sannsynleg tilplanta som ein del av veglandskapet utan særskilt bruk.	
Grunnforhold og ev. trong for særskilte geotekniske vurderingar	Bart fjell og forvitningsmateriale på land. Grunnforhold i vassdrag er ikkje kjent. Geotekniske tilhøve/stabilitet i høve til fylling i sjø må vurderast, saman med veganlegget.	
B. Vurdering av konfliktpotensiale		
Ikkje-prissette konsekvensar og ev. forureiningspotensiale	Innhald/funn	Konfliktpotensiale
Landskap	Ekspontert mot friluftsområde. Påverkar landskapsforma middels sterkt.	Middels
Naturmangfald	Området er gitt stor verdi i KU. Dette fordi dei indre delar av Eikangervågen har særleg verdi for fugl. Utfylling mellom ny og gamal veg vest for Lyngholmen gir ingen konflikt utover det som er vurdert i KU.	Ingen
Kulturminne	Ingen kjende verdiar.	Ingen
Naturressurs	Skogen er av høg bonitet, kan tilbakeførast med påført jord.	Lågt
Friluftsliv/nærmiljø	Innanfor kartlagt område for viktig friluftsområde av middels verdi.	Middels
Forureiningspotensiale	For ev. vidare vurdering vert det spesielt vist til Naturmangfald og til generelle punkt for fyllingsarbeid i kap. 3.	Middels
C. Oppsummering		
Eigenskapar	Aktualiteten av lokaliteten avhenger av valt vegtrasé. God tilkomst. Geoteknisk stabilitet må vurderast særskilt nøye.	
Konfliktpotensiale	Mykje middels høgt, men blanda konfliktpotensial.	




Figur 27 Plassering av utfylling i sjø på basiskart, oversikt.



Figur 28 Plassering av utfylling i sjø på basiskart som viser sjøflate, og ev. elver, bekkar, innsjø og myr.




Figur 29 Figur illustrerer området før utfylling i sjø




Figur 30 Figur illustrerer mogleg utfylling i sjø.

4.8 Solåsbakken


Vurdering lokalitet 8a + b Solåsbakken		
A. Eigenskapar		
Emne	Vurdering/innhald	
Volum og utstrekning	Ca. 115 dekar (72 daa + 45 daa), ca. 505 000 m ³ . (330 000 m ³ + 175 000m ³), fast anbrakt masse.	
Avhengig av val av vegalternativ?	Nei	
Avstand frå og tilkomsttilhøve til dagens vegsystem	God tilkomst via dagens E39, og ligg i tilknytning til denne.	
Avstand til ulike framtidige vegalternativ	Innanfor 2 km radius frå alle tunnelalternativ rundt Eikanger. Ca. 3 km frå nordlegaste trasé, M4.	
Eksisterande arealtype/planstatus	Skog og myr. Begge områda er sett av til bustad i KPA. Delar av b-området er også sett av til fritidsbusetnad i nord. Områda er innanfor reguleringsplan for Fyllingsnes, og sett av til bustadområde. Område b er også sett av til offentleg barnehage.	
Mogleg utforming av lokaliteten, og mogleg bruk/potensiell bruk	Flate (nord austre del) og svak skråning (sørvestre del), kan nyttast som bustadområde.	
Grunnforhold og ev. trong for særskilte geotekniske vurderingar	Jorddekt, grunnlendt og myr. Myr må undersøkast geoteknisk.	
B. Vurdering av konfliktpotensiale		
Ikkje-prissette konsekvensar og ev. forureiningspotensiale	Innhald/funn	Konfliktpotensiale
Landskap	Liten variasjon i landskapselement. Middels eksponert.	Lågt
Naturmangfald	Området er ikkje vurdert i KU. 9a: Hogstområde. Mogleg hjortetrek. 9b: Lauvskog og myr. Bekk gjennom området. Den eine myra har vore større tjern/stemme.	Lågt
Kulturminne	Det er eit freda kulturminne utanfor tiltaksområdet i søraust for b-området, men tiltaket vil ikkje påverke dette. Det er kulturlandskap og steingardar i nordlege del av område 9b.	Lågt
Naturressurs	Den eine myra i 9b er definert som dyrkbar og nordre del er tidlegare innmark. Sjøareala utanfor del av større gyteområde i Osterfjorden.	Lågt
Friluftsliv/nærmiljø	Ingen kjende verdiar.	Ingen
Forureiningspotensiale	Myr under fylling 9b, potensiale for sur avrenning og CO ₂ -utslepp. For ev. vidare vurdering vert det spesielt vist til Naturmangfald og til generelle punkt for fyllingsarbeid i kap. 3.	Låg
C. Oppsummering		
Eigenskapar	God tilkomst og i tråd med planlagt utvikling av området. Myr må undersøkast geoteknisk.	
Konfliktpotensiale	Konfliktpotensiale for 8b knytt til myr under fylling og bekk aust i fyllinga. Elles lågt konfliktpotensiale.	




Figur 31 Plassering av massedeponering på basiskart, oversikt.



Figur 32 Plassering av massedeponering på basiskart som syner sjøflate, bekkar, innsjø og myr..




Figur 33 Figur illustrerer området før massedisponering.




Figur 34 Figur illustrerer mogleg massedisponering.

4.9 Småtjørna

Vurdering lokalitet 9 Småtjørna		
A. Eigenskapar		
Emne	Vurdering/innhald	
Volum og utstrekning	Ca. 40 dekar, ca. 100 000 m ³ fast anbrakt masse.	
Avhengig av val av vegalternativ?	Ja, ikkje aktuell elles.	
Avstand frå og tilkomsttilhøve til dagens vegsystem	Ikkje aktuelt, men ikkje vegforbindelse til området i dag.	
Avstand til ulike framtidige vegalternativ	Aktuelt i samband med eit vegalternativ, det som går i dagen nord for Eikeklettvatnet, M4. Ca 1,5 km frå næraste tunnel på denne traséen.	
Eksisterande arealtype/planstatus	Mindre tjern, myr, skog og open fastmark. Området er sett av til LNF og bruk og vern av sjø og vassdrag i KPA.	
Mogleg utforming av lokaliteten, og mogleg bruk/potensiell bruk	Flate som kan nyttast til grasproduksjon – eller plantast til for skogbruk/friluftsområde. Ikkje registrert etterspurt av spesielle aktørar.	
Grunnforhold og ev. trong for særskilte geotekniske vurderingar	Jorddekt og organiske jordlag. Myr må undersøkast geoteknisk.	
B. Vurdering av konfliktpotensiale		
Ikkje-prisette konsekvensar og ev. forureiningspotensiale	Innhald/funn	Konfliktpotensiale
Landskap	Området framstår som lite berørt. Eksponert mot friluftsområde. Liten variasjon i landskapselement, deponi kan medføre skjemmande inngrep.	Middels
Naturmangfald	Området er gitt middels verdi i KU på grunn av landskapsøkologisk verdi som våtmarksområde. Heile området er djup myr og inngår i Eikangervassdraget. Større konfliktnivå enn berre veg i nordre del.	Middels
Kulturminne	Ingen kjende verdier.	Ingen
Naturressurs	Skog av høg bonitet, og ca. 1,5 daa av særskilt høg bonitet. Skogen kan tilbakeførast.	Lågt
Friluftsliv/nærmiljø	Innanfor viktig friluftsområde av middels verdi. Tilrettelagte stiar med bruer, hengebruer, rasteplassar, moglegheiter for fiske og parkering.	Lågt
Forureiningspotensiale	Omsynsområde: Utfylling i Småtjørnane. Drenerer til elv frå Eikeklettvatnet med god økologisk tilstand, ukjent kjemisk tilstand. Utfylling tjern og utfylling i myr gir potensiale for sur avrenning. Myr bør vurderast med omsyn til CO ₂ -utslepp. Vestleg arm av fyllinga mot Eikeklettvatnet bør optimaliserast for å unngå avrenning mot Eikeklettvatnet. For ev. vidare vurdering vert det spesielt vist til Naturmangfald og til generelle punkt for fyllingsarbeid i kap. 3.	Lågt
C. Oppsummering		
Eigenskapar	Traséavhengig lokalitet. Må undersøkast geoteknisk med omsyn til myr og vatn.	
Konfliktpotensiale	Konfliktpotensiale knytt til landskapsbilete og utfylling av tjern og myr. Myr bør vurderast med omsyn til CO ₂ -utslepp, elles lågt.	




Figur 35 Plassering av mogleg massedeponering på basiskart, oversikt.




Figur 36 Plassering av mogleg massedeponering på basiskart som syner bekkar, innsjø og myr.

E39 Flatøy - Eikefettunnelen

Moglege lokalitetar for disponering av overskotsmassar
Oppdragsnr.: 5195469 Dokumentnr.: R003 Versjon: E02




Figur 37 Figur illustrerer området før massedisponering.




Figur 38 Figur illustrerer mogleg massedisponering.

4.10 Rydlandsvågen

Vurdering lokalitet 10 Rydlandsvågen		
A. Eigenskapar		
Emne	Vurdering/innhald	
Volum og utstrekning	Ca. 60 dekar, ca. 500 000 m ³ , fast anbrakt masse.	
Avhengig av val av vegalternativ?	Nei	
Avstand frå og tilkomststilhøve til dagens vegsystem	God tilkomst via fv. 57, og er nært knytt opp til denne vegen.	
Avstand til ulike framtidige vegalternativ	Stor avstand frå dei ulike tunnelalternativa, frå 6 km til 10 km.	
Eksisterande arealtype/planstatus	Skog. Vist som LNF i KPA.	
Mogleg utforming av lokaliteten, og mogleg bruk/potensiell bruk	Flate som kan nyttast anten til grasproduksjon eller plantast til for skogbruk/friluftsbuk. Dette er heilt avhengig av tilgang på jordmassar. Ikkje registrert etterspurt av spesielle aktørar.	
Grunnforhold og ev. trong for særskilte geotekniske vurderingar	Jorddekt fastmark.	
B. Vurdering av konfliktpotensiale		
Ikkje-prisette konsekvensar og ev. forureiningspotensiale	Innhald/funn	Konfliktpotensiale
Landskap	Skogkledt område. Lite til ikkje eksponert, og liten variasjon i landskapselement.	Lågt
Naturmangfald	Området ligg tett mot dagens veg og i granplantingsområde. Rydlandsvågen er ein smal og sårbar våg i det som no er blitt marint verneområde og ligg tett ved deponiområdet.	Moderat
